



Alle kommunane i Hordaland

Dato: 13.02.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2014/8-3

Fylkeskommunalt tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2014

I førre planperiode vart det etablert ei tilskotsordning til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Bakgrunnen for dette er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikk-sikringsområdet gjennomulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak.

Det er i budsjettet løyvd totalt kr 500.000,- til tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar i 2014. Frist for å søkje om tilskot er sett til **1. mai**. Tidspunkt for fristen er endra frå føregåande år slik at tilskotsutbetalinga kan skje i fyrste halvår. Alle søknadane vil verte vurdert samla. Fylkestrafikk-sikringsutvalet i Hordaland (FTU) vil handsame søknadane samla og gjere vedtak om tilskota.

Det kan søkjast om tilskot til mellom anna nødvendig innleige av hjelp til utarbeiding av plan, trykking osv., men ikkje til bruk av kommunale ressursar. Søknadane vert i hovudsak vurdert på grunnlag av status på planarbeidet og type arbeid det vert søkt om tilskot til. Vi ber om at søknaden vert sendt i brevs form, og at budsjett for utarbeiding av planen vert lagt ved.

Søknad om fylkeskommunalt tilskot vert å sende til: *Hordaland fylkeskommune, Fylkestrafikk-sikringsutvalet, Samferdselsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen*. Merk søknaden med saksnr.: 2014/8.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Lise Ådlandsvik
Rådgevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.